



Notat

Til: Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler: Rådmann/stab/Martin W. Kulild

Vår referanse: 17/2310 - 2 /

Dato: 13.10.2017

Emne: Spørsmål om status og utfordringar - Digital forvaltning i kommunane

1. Meland har ikkje dedikerte årsverk til dette, men det vert arbeida systematisk med dette tema som delar av fleire stillingar. Truleg til saman eit årsverk, men grunna etableringa av Alver kommune, nytttes tilsvarande to – tre årsverk i enkelte periodar
2. Kommunane i Nordhordland, i Nordhordland-IKT
3. Det er utfordringar knytt til å ha nok administrativ kapasitet til å utvikle/oppdater gode strategiar og å etablere og følge opp eksisterande rutinar – og å etablere nye.
4. Samarbeid med KS, andre kommunar, fylket og regional stat og auka kapasitet på området. Eigen dedikert ressurs knytt til strategi, digitalisering (forenkling og forbetring av rutinar) vil også vere naudsynt om hastigheita på arbeidet skal aukast.
5. Ja, og det er en retning vi går i i Nordhordland-IKT. Eg er usikker på om fylkesvise løysningar er tenelege på «alle» område – men på fleire område kan det vere vegen «å gå». Store samarbeid, mellom kommunar med særskilte ulik fokus på ikt og ulik økonomi, skapar truleg nye utfordringar også.
6. KS er allereie aktiv bidragsyter saman med staten, men styrking av offentlege forskning/innovasjonsmiljø med hovudfokus på digital forenkling og forbetring vil kunne bidra til eit positivt skifte i tempo. Kanskje eit konkret samarbeid mellom ein kommune (Alver?) og høgskulen/universitetet knytt til dette tema, med delfinansiering frå fylkesmannen?

Takk for initiativet, godt bakgrunnsnotat og engasjement. For oss er det viktig å sikre at vi i fellesskap nyttar allereie utarbeida strategiar – og vidareutviklar desse. Sjå mellom anna KS digitaliseringsstrategi: <http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/digitalisering/ny-digitaliseringsstrategi/>

Som tidlegare tilsette hos fylkesmannen i Sogn og Fjordane ynskjer eg også å løfte fram dette miljøet i Leikanger – som hadde stor merksemd retta mot kommunane og innbyggjarane, for å sikre rimelege, gode og enkle digitale løysingar. Eg meiner difor at et snarleg samarbeid med ikt-avdelinga til fylkesmannen på Leikanger (og DIFI) kan vere til nytte for heile vårt nye fylke.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Når fylkesmannen så tydeleg bekymrar seg for dei mindre kommunane i fylket/regionen, ynskjer eg å minne om at det er viktig å byggje opp omkring dei mellomstore kommunane – slik at dei er i posisjon til å samarbeide med «naboane» og sikre eit godt miljø for innovasjon og samarbeid.

Kopi til: